

Til alle kommunale legekantor og legevaktsentralar
v/leiar av legekantor, leiar av legevaktsentral, kommuneoverlegar, legevaktslegar, kommunelegar og
hjelpepersonell

Dykkar ref:

Vår ref:
2020/961 - 13962/2020

Sakshandsamar:
Tone Holvik

Dato:
11.03.2020

Til alle kommunale legekantor og legevaktsentralar - Vedrørende koronasmitte

Taktisk samhandlingsgruppe avgjorde på møte 10. mars 2020 å sende ut oppmoding til alle kommunale legevakter (både i eigen kommune og interkommunale) om systematisk å stille spørsmål kring koronasmitte.

AMK i Helse Førde, saman med dei andre AMK-sentralane i Helse Vest, innførde i går rutine med å spørje innringarar om mogeleg kontakt med koronasmitte før utsending av ambulanse.

Samhandlingsgruppa ber legekantor og legevaktssentralar om å gjere det same. Dette for å unngå at smitta eller mistenkte smitta kjem inn på legekantor eller legevakt der dette kunne vore unngått.

Dette gjeld særleg legevaktene som er lokaliserte i lokalsjukehusa nær sårbare pasientgrupper.

AMK i Helse Førde nyttar følgjande tekst:

«Vi har sendt ambulanse for å hjelpe deg/dykk. Vi må spørje om du (pasienten) er i karantene for koronavirus, har vore på reise i smitteområde eller har vore i kontakt med personar som er bekrefta smitta. Dette for at ambulansen skal forberede seg på ein god og riktig måte»

Vi ber om at eigen tilpassa tekstar vert laga , informert ut og praktisert.

Forslag til tekst for lokale kontor som ikkje er samlokalisert med sjukehusa:

«Før du kjem på legekantor, eller ambulansen kjem for å hente deg, må vi spørje deg om du har vore på reise i eit smitteområde, eller om du har vore i kontakt med personar som er bekrefta smitta av koronavirus? Dette for at vi skal kunne førebu oss på ein god og rett måte.»

På vegne av samhandlingsgruppa

Trine Hunskaar Vingsnes

Tone Holvik

Fagdirektør HFD/leiar samhandlingsgruppa

Samhandlingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur